



# DEN NORSKE KYRKJA

## Gulen kyrkjelege fellesråd

---

Dato:	07.04.2017
Arkivsak	17/00006
Dokumentnummer:	17/00006-001
Arkivkode:	011
Saksbehandler:	Trude Brosvik

---

---

Saksnr	Sak	Møtedato
007/17	Høyring om framlegg til nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte	02.06.2017

---

### Saksframstilling

Likelydande sak har vore i alle tre sokneråda. Eg tar deira vedtak med i møtet. Sidan saka har vore i sokneråda, sender eg ikkje ut alle vedlegga. (dersom kommunen sine representantar ønskjer dei tilsendt, så ta kontakt og eg sender dei direkte eller deler lenkje)

Saka er sendt på høyring frå Kyrkjerådet, og har høyringsfrist 14.juni 2017. (Vedlegg)

Alle framlegg i høyringa er innanfor dei føringar som ligg i dagens kyrkjelov.

Det er fleire overordna problemstillingar å ta stilling til:

#### Del 2:

1. *Direkteval eller kombinasjonsval av direkte og indirekte valomgang ved val av leke medlemmer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet*
2. *Tilskotsordning for finansiering av nomineringsgrupper mm*
3. *Personvalreglar*
4. *Valkrinsar og stemmekrinsar*

#### Del 3:

*Stemmerett og manntal*

#### Del 4:

*Val av medlemmer til sokneråd og val av leke medlemmer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet*

#### Del 5:

*Val av andre representantar til bispedømerådet og Kyrkjemøtet*

#### Del 6:

*Felles bestemmelsar*

#### Del 7:

*Konsekvensar*

I del 2 ligg dei overordna problemstillingane, og i staden for å skrive dei inn i saka viser eg til høyringsbrevet og skriv berre mi vurdering og tilråding.

#### Valordning

*Vurdering:* Å vidareføre dagens ordning der kvart bispedømme kan velje mellom direkte val på alle medlemmer eller ei kombinasjonsløyising med nokre valt direkte og nokre av sokneråda, syns eg er for lite prinsipielt for ei valordning. Då står det mellom å ha ei valordning der alle har kombinasjonsval, eller der



# DEN NORSKE KYRKJA

## Gulen kyrkjelege fellesråd

alle leke medlemmer blir valt direkte av medlemmane i kyrkja. (Dette gjeld bispedømmeråd og Kyrkjemøte. For sokneråda sin del blir alle direkte valt.)

*Tilråding:* Alle medlemmer blir valt med direkte val.

### Nominasjon

*Vurdering:* Det er litt spesielt at ein skal ha ein valt nominasjonskomite som skal kome med forslag til ei nominasjonsliste som speglar breidda av meiningar i kyrkja, og som skal legge fram si liste til ein bestemt dato. Deretter kan «særgrupper» sjekke om dei syns dei er godt nok ivaretekne, og så kome med sine egne lister. Og så til slutt kan opphavelig liste ha supplerings-nominasjon for å kome dei nye listeframlegga i møte / oppvege mot dei. Dette er, slik eg ser det, ei ordning for spesielt interesserte, og legg opp til spelsituasjonar og auka motsetnader.

*Tilråding:* Alle bør ha same frist til å levere lister. Dei ansvarlege for listene (tillitsvalde for lista) får ein frist etter innlevering til å saman vurdere om det er opning for å samle seg om ei liste, og har fullmakt til å gjere endringar. Om ein ikkje vert samde om felles liste, vil valet gå føre seg med det talet lister som er levert inn, som eit forholdstalsval.

Når det gjeld tilskotsordning til ulike nominasjonskomitear, så bør det vere ei søkbar, sentral tilskotsordning som likebehandlar alle alternative lister.

### Personvalreglar

*Vurdering:* Det er eit mål å ha reglar som ikkje gjev grupper/geografiske område høve til aksjonar. Tal ekstrastemmer, evt. slengarar og strykingar må ta omsyn til det. Det kan såleis vere nyttig å ha ei sperregrense, lik det ein har på fylkestingsval, på personleg stemmetal.

*Tilråding:* Halde fast på å kunne gje tilleggstemmer, avgrensa til tre, og samtidig ha ei sperregrense for personval lik den som er på fylkestingsval (8%). Det vert ikkje opna for førehandskumulering / stemmetillegg.

### Valkrinsar

*Vurdering:* Å tillate stemming på valdagen i andre sokn enn dei ein høyrer til i vil medføre mykje ekstraarbeid /lange reiser. Det må kunne vere nok å kunne førehandsrøyste. Hos oss blir stemmene talt opp lokalt i kvart sokn.

*Tilråding:* På valdagen kan ein berre stemme i det soknet ein høyrer til.

### Stemmerett og manntal

*Vurdering:* Høyringa reiser spørsmål om å innføre skjæringsdato for manntalet til 30.juni, slik som for andre val. Det vil gje meir oversiktlege og rettare lister på valdagen, og også kunne gjere at folk kan sjekke at dei står som medlemer i rett sokn. Når det gjeld manntal for leke tilsette, så bør ein vurdere å redusere grensa frå 15 timar i veka til 20% stilling (ein arbeidsdag i veka). Vi har mange tilsette i kyrkja i små stillingar, og desse bør kunne vere valgbare som leke tilsette.

*Tilråding:* Vi støttar framlegget om skjæringsdato 30.juni på manntalet. Vi ber om at ein vurderer eit krav om 20% tilsetning (i staden for 15 timar) for å kunne stå i manntal for leke tilsette og dermed også kunne veljast som lek tilsett.



# DEN NORSKE KYRKJA

Gulen kyrkjelege fellesråd

## **Forslag til vedtak**

Soknerådet sluttar seg til tilrådingane i saksutgreiinga.

## **Handsaming i møte**

## **Vedtak**

Soknerådet sluttar seg til tilrådingane i saksutgreiinga., men med ei slik presisering til valordninga:  
Valordninga må legges til rette for at ho ikkje favoriserer folkerike område.